Gjeld til kredittinstitusjoner		
2223 Kommunalbanken 20100428	-7 280 000	-7 840 000
2224 Kommunalbanken 20130202	-3 435 770	-3 632 110
2225 Kommunalbanken 20150505	-70 208 970	-72 716 430
2226 Kommunalbanken 20190127	-4 950 000	-5 250 000
2227 Kommunalbanken 20210434	-3 840 000	-4 000 000
2228 Kommunalbanken 20210435	-4 800 000	-5 000 000
	-94 514 740	-98 438 540
Gjeld til kredittinstitusjoner		
2381 Danske Bank 8601.46.99300	-456 391	0
	-456 391	0
Leverandørgjeld		
2400 Leverandørgjeld	-2 836 784	-3 075 016
	-2 836 784	-3 075 016
Skyldige offentlige avgifter		
2600 Forskottstrekk	-917 665	-859 962
2770 Skyldig arb.g.avgift	-584 925	-531 935
2785 Avsett arb.g.avg. feriepenger	-324 105	-295 089
	-1 826 695	-1 686 986
Sjølvcostfond		
1390 Sjølvcostfond	-392 000	-5 992 000
1391 Sjølvcostfond slam Ulstein og Hareid	-178 000	-161 000
	-570 000	-6 153 000
Anna kortsiktig gjeld		
1395 Fordring slam mot kommunene	-123 637	0
2940 Avsett opptente feriepenger	-2 298 629	-2 092 837
2960 Annen påløpt kostnad	-594 095	-857 090
2961 Påløpt kostnad Fløstranda	0	-2 500 000
2990 Anna korts.gjeld	-865 018	-246 344
	-3 881 378	-5 696 272

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Kjartan Leidulf Grimstad

Styremedlem

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Serienummer: UN:NO-9578-5998-4-1423259

IP: 195.1.xxx.xxx

2023-05-11 10:27:15 UTC



Margareth Leinebø

Styremedlem

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Serienummer: 9578-5997-4-1187616

IP: 77.18.xxx.xxx

2023-05-11 11:16:32 UTC



BJARTE UGLUM

Styremedlem

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Serienummer: 9578-5990-4-1669573

IP: 195.181.xxx.xxx

2023-05-12 05:13:29 UTC



Anne Margrethe Holstad

Styremedlem

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Serienummer: 9578-5994-4-2911706

IP: 62.92.xxx.xxx

2023-05-12 07:13:28 UTC



George Harold Fulford

Styreleder

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Serienummer: 9578-5999-4-3955188

IP: 79.161.xxx.xxx

2023-05-15 07:02:33 UTC



Camilla Lovise Storøy

Styremedlem

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Serienummer: 9578-5998-4-1349187

IP: 185.138.xxx.xxx

2023-05-15 07:40:31 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: 2JJSM-HMOHW-LYPL1-LA8KJ-4OU4J-2ETZT

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS (SSR)

Org.nr. 987 570 970

EIGARMELDING 2022

1. Samansettinga av styret

Styret har i 2022 hatt desse medlemmene:

George Fulford, styreleiar
Camilla Lovise Storøy, nestleiar
Margareth Leinebø, styremedlem
Anne Holstad, styremedlem
Arnljot Muren, styremedlem
Kjartan Leidulf Grimstad, styremedlem
Bjarte Uglum, styremedlem, vald av og blant dei tilsette

Det har vore 9 styremøte og 48 saker er behandla i 2022.

2. Representantskap

Representantskapet inneheld politisk valde representantar frå kvar av dei fire eigarkommunane. Knut Erik Engh er leiar av representantskapet. Det har vore 2 møte i representantskapet i 2022. Selskapet har, utover formelle møte, jamn og god kontakt med eigarane.

3. Oppsummering og kort om verksemda i 2022

Selskapet har ansvaret for innsamling og behandling av hushaldningsavfall frå innbyggjarane i Herøy, Ulstein, Hareid og Sande.

I dei fire eigarkommunane er det godt over 25 000 innbyggjarar, rundt 11 000 privatabonnentar, fire miljøstasjonar, og 39 returpunkt for glas- og metall.

Kjerneverksemda til selskapet er å gi eit renovasjonstilbod til husstandane. Ansvaret for renovasjon omfattar innsamling, sortering, omlasting, transport og avsetnad av hushaldningsavfall i eigarkommunane frå husstandar, returpunkt og miljøstasjonar. Målet er mest mogleg materialgjenvinning av det innsamla avfallet. Denne delen av verksemda blir gjennomført til sjølvkost. Overskot eller underskot på hushaldningsdelen skal først mot sjølvkostfondet.

Tilbodet til selskapet omfattar også innsamling, transport og avsetnad av næringsavfall i avgrensa omfang. Denne tenesta inneber ein gunstig påverknad på verksemda til selskapet og medverkar til at selskapet når dei strategiske måla sine. Dette medfører lågare

renovasjonsgebyr for innbyggjarane, ikkje minst på grunn av meir effektiv bruk av driftsmidlane til selskapet. Omfanget av næringskundar omfattar, etter styret si vurdering, ingen økonomisk risiko av betydning. Rekneskapsføring knytt til næringskundar blir halde åtskilt frå sjølvkostrekneskapen for hushaldningskundar.

Rekneskapen for 2022 viser eit årsresultat som er vesentleg dårlegare enn budsjettert på hushaldningsrenovasjon – sjå meir i kapittel 9.

4. Eigarforhold, selskapsform og formål

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS (SSR) er organisert som eit interkommunalt selskap. Selskapet er eigd av kommunane Herøy, Ulstein, Hareid og Sande.

Selskapet skal oppfylle kommunane sine plikter knytt til hushaldningsavfall etter forureiningslova og gjeldande selskapsavtale. Dette inneber at SSR skal ivareta dei praktiske oppgåvene og pliktene rundt avfallshandtering som kommunane er pålagde. SSR forvaltar og driftar ei lovpålagd verksemd på vegne av eigarkommunane. Denne verksemda er i stor grad underlagt nasjonale og internasjonale krav. Desse rammevilkåra kan selskapet i lita grad påverke. SSR har kontorbygg og hovudanlegg i Saunesmarka i Ulstein kommune, men utfører elles det praktiske arbeidet med innhenting av avfall i alle dei fire eigarkommunane.

Selskapet skal oppfylle eigarane sine forventingar til kostnadseffektiv tenestelevering innan miljø og avfall. Dei strategiske måla til selskapet er mellom anna knytt til økonomi, miljømål og kundetilfredsheit. Selskapet ønskjer å optimalisere forholdet mellom miljø, abonnentar og kostnader.

Dei strategiske måla til selskapet er:

- Selskapet skal stå for miljøretta innsamling, mottak, sortering, omlasting, transport og gjenvinning av avfall frå hushaldningar.
- Selskapet skal forvalte enkle, brukarvennlege og kvalitetsmessig tilfredsstillande løysingar for abonnentane.
- Selskapet skal jobbe for å realisere nasjonale miljømål og eigarane sine lokale miljømål og klimaplanar.
- Selskapet skal vere ein synleg samfunnsaktør som gjennom kommunikasjon skal vere ein tydeleg og framtidsretta haldningsskapar i avfalls-, miljø- og klimarelaterte spørsmål i eigarkommunane.
- Andre strategiske mål går på det store samfunnsansvaret selskapet har i den grunnleggjande velferdsproduksjonen i landet, vidare god økonomistyring, satsing på digitalisering og utvikling av organisasjonen.

God kundetilfredsheit og godt omdøme er viktig for SSR. Gjennom selskapet sin kommunikasjon, med grunnlag i eigarstrategi og strategisk plan, er målet mellom anna å formidle kunnskap om kjeldesortering og kvar avfallet hamnar – i tillegg til å formidle kunnskap om avfall som ressurs. Dette er nødvendig for å realisere stadig aukande nasjonale krav til innsamling og behandling av avfall. Avfall er sentralt i den sirkulære økonomien – i «det grønne skiftet».

5. Arbeidsmiljø og likestilling

Selskapet sysselsette i 2022 ca. 41 årsverk. Dette er fordelt på 35 fast tilsette på heiltid og rundt 14 andre stillingar (til saman 6 årsverk). Desse 14 stillingane inkluderer dei som ikkje jobbar heiltid, ferievikarar og vikarar for å dekke opp for ferie, sjukdom og anna fråver. I tillegg kjem dei som er her på arbeidsmarknadstiltak i regi av andre. Arnstein Myklebust var dagleg leiar i selskapet i 2022.

SSR har i 2022 kjøpt bedriftshelsetenester hos Medi 3. Desse er, ved behov, involvert i arbeidet med endringar og forbetringar saman med og i dialog med leiinga og tillitsvalde / verneombod – i tillegg til det vanlege bedriftshelsetenestearbeidet.

Totalt sjukefråver utgjer 11,50 % (11,17 % i 2021). 2,51 % (1,62 % i 2021) av dette er korttidsfråver (eigenmeldingar). Langtidsfråveret er på 8,99 % (9,55 % i 2021). SSR har i 2022 ikkje hatt alvorlege personskader knytt til verksemda. Styret vurderer sjukefråverssituasjonen som ikkje tilfredsstillande. Det er gjennomført arbeidsmiljøundersøkingar i selskapet. På grunnlag av mellom anna desse, er det sett i verk generelle tiltak for betring av arbeidsmiljøet og arbeid med konkrete forhold som styret forventar skal medføre eit lågare sjukefråver.

Selskapet arbeider kontinuerleg med kompetanseutvikling av medarbeidarane i selskapet. Selskapet legg til grunn at det skal vere likestilling mellom kjønna og det blir praktisert lik lønn for likt arbeid, der ein tek omsyn til alder og erfaring. Av styret sine sju medlemmer er tre kvinner. Av selskapet sine åtte tilsette i administrasjonen, er fire kvinner. Renovasjonsarbeidet har tradisjonelt vore eit mannsdominert yrke, spesielt ute på bilane, og dette har ført til at delen kvinner der ikkje er så stor som ein kunne ønske. Styret ønskjer å auke kvinneandelen også på innhentingdelen. Det er ikkje sett i verk spesielle tiltak i samband med likestilling.

Styret legg stor vekt på at arbeidsmiljøet og samarbeidet i selskapet skal vere godt. Koronapandemien gjorde dette ekstra utfordrande i 2020, 2021 og delvis i 2022, sidan retningslinjer gjorde det vanskeleg å gjennomføre interne møteplassar og samankomstar. Vi jobbar med å ta dette skikkeleg oppatt i 2023 slik at vi kjem tilbake til normalen.

6. Miljørapportering

Den daglege verksemda skjer ved ordinær kontorverksemd, arbeid på miljøstasjonar og industriområde, og i stor grad ved transportverksemd. Kontordrifta forureinar ikkje det ytre miljøet.

Selskapet har sjølv ansvaret for innsamling av avfall. Det er eit betydeleg transportinnslag i dette arbeidet. Ved utøving av verksemda blir det stilt krav til gode og rasjonelle transportløysingar, der lågt drivstoff-forbruk, redusert støy og minimale utslepp blir vektlagt.

Sluttbehandling av innsamla avfall skjer etter konkurranse i marknaden. Her blir det lagt særleg vekt på gode og miljøvennlege løysingar i tillegg til optimal ressursutnytting.

SSR har utarbeidd ein eigen klimarekneskap for 2022. Her reknar ein om både positiv og negativ miljøpåverknad til CO2-ekvivalentar. Verksemda i selskapet bidreg positivt til reduserte utslepp gjennom utnytting av ressursane i avfallet.

Styret prioriterer aktivt å realisere miljømål som eigarar og samfunn set for selskapet si verksemd. Dette skjer mellom anna ved å vidareutvikle kjeldesorteringsordninga der stadig fleire fraksjonar blir sorterte ut for å gå til materialgjenvinning.

7. Kundefokus og brukarvennlegheit

Selskapet legg stor vekt på at tenestetilbodet skal vere brukarvennleg, slik at det skal vere enklast mogleg for innbyggjarane å kjeldesortere og ta miljøvennlege val. Tenestetilbodet i SSR fungerer generelt sett godt, og dei fleste innbyggjarane er flinke til å kjeldesortere. Selskapet meiner likevel at det framleis er eit potensial for endå betre sortering, og jobbar jamt både med informasjonskampanjar og haldningsskapande arbeid.

I tråd med samfunnsutviklinga og politikken frå styresmaktene, legg selskapet opp til stadig aukande bruk av elektronisk kommunikasjon med kundane. Bruken av papirbasert kommunikasjon blir forsøkt redusert tilsvarande, der dette blir erstatta med web- og mobiltelefonbaserte løysingar.

Å få fram kva avfallet blir til og den store miljøgevinsten ved gjenvinning, er noko selskapet heile tida jobbar med å kommunisere ut til innbyggjarane. Det er avgjerande for motivasjonen til kundane at dei kjenner til heile gjenvinningsprosessen og at dei bidreg til ein stor miljødugnad ved å kjeldesortere. Det skaper også meir forståing for det oppdraget og det arbeidet selskapet gjer. Denne bodskapen må vektleggast endå sterkare i framtida.

8. Samfunnsansvar

Selskapet opptrer ansvarleg innanfor område som arbeidsgivarpolitikk, arbeidstakarrettar, etikk, innkjøp og deltaking i kunnskapsutvikling og utviklingstiltak. Selskapet arbeider aktivt for å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettar, og dermed hindre diskriminering. Selskapet ønskjer på denne måten å oppfylle diskrimineringslova sin intensjon og formålet der, så langt som selskapet kan påverke dette.

Selskapet legg vekt på å bruke leverandørar som fremjar høgt etisk medvit. Inngåtte kontraktar blir tett følgde opp for å unngå at sosial dumping skjer hos leverandørane våre. Vi vil arbeide etter intensjonane i openheitslova, sjølv om vi førebels ikkje er omfatta av den.

Selskapet har internkontrollsystem som skal søke å førebygge korrupsjon og misleghald, og leiarar skal gå føre og varsle om kritikkverdige tilhøve. Elles skal alle avgjerder takast på grunnlag av best mogleg ressursbruk. Selskapet har utarbeidd etiske retningslinjer.

9. Økonomi

Renovasjonstenestene som SSR utfører, blir – for hushaldningar – i hovudsak finansiert

gjennom renovasjonsgebyr. Det blir ført eit eige sjølvkostrekneskap og sjølvkostfond for innbyggjarane i eigarkommunane. Rekneskapen for 2022 syner likevel eit resultat som er dårlegare enn budsjettert. Resultatet blei eit underskot på ca. kr. 4.700.000,-. Hovudårsakene til dette er generelt høgare driftskostnader i samfunnet enn bereikna, t.d. på drivstoff, generelt høgare varekostnader, ekstraordinær kostnadsføring av nedgravde løysingar og litt høgare rente enn budsjettert.

Underskotet på hushaldningsrenovasjon som blir ført mot sjølvkostfondet, er i 2022 på ca. kr 5.600.000. Ved årsskiftet er då sjølvkostfondet for hushaldning på kr 570.000. Av dette er kr 392.000 på hushaldningsrenovasjon og kr 178.000 på slamkundane i Ulstein og Hareid.

Driftsmessig resultat på næring blir i 2022 eit underskot på 498 916. Hovudårsaka til dette er ei feilføring av nedgravde løysingar i 2021. Dette omfatta kostnaden for innkjøp av tankar på 1.396.132, der 1 223 697 høyrer heime på næringsdelen. Innkjøpet skulle ha blitt fordelt på 2021 og 2022, men måtte takast i sin heilskap på 2022. Resultatet blei etter avskrivingar og kalkulasjonsrenteutrekningar eit overskot på kr 839.614 som er tilført eigenkapitalen i selskapet. Ved årsskiftet er eigenkapitalen i selskapet dermed på kr 9.580.810.

Totale driftsinntekter var i 2022 kr 64.055.000. Dette inkluderer renovasjon for hushaldning og næring pluss slam. Inntektene på hushaldning var kr 43.406.000, kr 16.670.000 på næring og kr 3.780.000 på slam. I tillegg kom diverse driftsinntekter på kr 199.000.

Andre inntekter er i hovudsak inntekter frå miljøstasjonane og sal av fraksjonar. Verdsituasjonen har prega årsresultatet i 2022. Den har ført både til høgare varekostnad og til høgare driftskostnader. Den har også, den andre vegen, ført til høgare inntekter på sal av fraksjonar, men dette har på langt nær vore nok til å kompensere for auka kostnader.

Selskapet har lagt ned eit grundig arbeid i å kvalitetssikre fordelingsnøkklane som blir nytta. Til dette arbeidet har selskapet også fått hjelp frå eksterne ekspertar på området. Då det kontinuerleg skjer endringar, vil kvalitetssikring av fordelingsnøkklane bli eit årleg arbeid som må gjerast.

Etter styret si meining gir det framlagde resultatrekneskapen og balansen, med tilhøyrande notar, god informasjon om drifta og stillinga ved årsskiftet. Styret vurderer at den økonomiske og finansielle stillinga til selskapet er tilfredsstillande, og at årsrekneskapen gir eit rett bilde av selskapets eigedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Det har ikkje oppstått forhold etter årsskiftet som har betydning for bedømminga av årsrekneskapen for 2022.

Føresetnaden for vidare drift er til stades og årsrekneskapen for 2022 er sett opp under denne føresetnaden.

10. Framtidsutsikter og planlagde endringar

Strategisk plan er eit viktig verkemiddel i arbeidet med å realisere selskapet sine målsettingar og eigarane sine forventingar. I denne planen er nasjonale og internasjonale føringar tillagt stor vekt, samt at det er eit ønske om å synleggjere krav til selskapet med omsyn til effektivitet, kundetilfredsheit, miljø og berekraft.

I 2023 skal strategiplanen rullerast, og selskapet ønskjer då å vidare styrke arbeidet med å vere ein positiv samfunnsaktør innan berekraft. Ei vidare satsing på samarbeid med eigarkommunane vil vere avgjerande her. Marin forureining og anna lokal forureining vil framleis vere viktige tiltaksområde, der selskapet kan bidra med både kunnskap, logistikk og gode nedstraumsløysingar. I den nye strategiplanen vil det bli lagt auka vekt på berekraft, både når det gjeld miljø, økonomi og sosiale forhold. Vi skal sette oss konkrete mål som tek oss vidare i arbeidet med å skape eit meir berekraftig lokalsamfunn.

Arbeidet framover vil også handle om moglege nye fraksjonar som kan sorterast ut på miljøstasjonane, nye innhentingsfraksjonar heime hos folk, implementering av nye krav til fritidsbustadar, digitalisering, meir informasjon og kommunikasjon internt og eksternt, og deltaking i å løyse forureiningsproblematikken i naturen. I tillegg kjem utfordringar med nedstraumsløysingar til å vere eit viktig arbeidsområde i tida framover. Marknaden har tidvis vanskar med å ta i mot dei store avfallsmengdene som blir produserte i Norge, noko som betyr at prisane går opp for dei fraksjonane vi må betale for. Dette igjen må bety ei auka satsing på høg kvalitet på dei råvarene vi leverer frå oss og lokale og regionale løysingar der det går an å få til.

11. Arbeidsåret 2022

Styret vil rette ei stor takk til medarbeidarane i selskapet. 2022 har, i periodar og som tidlegare år, vore krevjande for dei tilsette på grunn av høge krav til omstilling og effektivitet.

Selskapet er ein del av ein bransje som blir stadig viktigare i ei verd der det ein må snakke meir og meir om bruk (og kast) av avgrensa naturressursar. Selskapet er i den posisjonen at vi får vere eit viktig verktøy for eigarkommunane og innbyggjarane våre på vegen mot eit meir berekraftig samfunn.

Ulsteinvik, 5. mai 2023

George Fulford
styreleiar

Camilla Lovise Storøy
nestleiar

Margareth Leinebø

Anne Holstad

Arnljot Muren

Kjartan Leidulf Grimstad

Bjarte Uglum

Andrea Øien Sæverud
fung. dagleg leiar

3 vedlegg:

- 1. Måloppnåing vedr. avfallsmengder 2022 på hushaldning.**
 - 2. Kundetilfredsheit og utvikling i sjukefråveret.**
 - 3. Klimarekneskap 2022.**
-

Vedlegg 1: MÅLOPPNÅING VEDR. AVFALLSMENGDER 2022 PÅ HUSHALDNING

EU (og dermed også Norge) sine mål for materialgjenvinning (eller høgare i hierarkiet):

2020: <u>50 %</u>	2025: <u>55 %</u>	2030: <u>60 %</u>	2035: <u>65 %</u>
-------------------	-------------------	-------------------	-------------------

SSR sine tal for 2022:

Nedstrømsløsning:	2022 i tonn:	2022 i prosent:	2021 i tonn:	2021 i prosent:
Ombruk / gjenbruk	267 tonn	3,1 %	264 tonn	2,9 %
Bioenergi	1748 tonn	20,5 %	2191 tonn	23,9 %
Materialgjenvinning	2919 tonn	34,2 %	3664 tonn	40,0 %
Energigjenvinning	3403 tonn	39,9 %	2795 tonn	30,5 %
Deponi	192 tonn	2,3 %	247 tonn	2,7 %
Hushaldningsavfall totalt	8529 tonn	100 %	9161 tonn	100 %
Materialgjenvinning eller høgare i hierarkiet:	4934 tonn	57,8 %	6119 tonn	66,8 %

Ombruk/gjenbruk: T.d. at klede, sko, ski, sykklar, møblar, etc. blir brukt oppatt i staden for å bli kasta.

Bioenergi: Avfall som går til produksjon av biogass og flisfyring. Gjeld ikkje biodiesel.


Materialgjenvinning: Plast blir til plast, metall blir til nye metallprodukt, etc.

Energigjenvinning: Avfall blir brent for å produsere fjernvarme og elektrisitet.

Deponi: Avfall som går til deponering, t.d. asbest og porselen.

Vedlegg 2: KUNDETILFREDSHEIT OG UTVIKLING I SJUKEFRÅVERET

Kundetilfredsheit:



Målet er at grada av kundetilfredsheit skal auke for kvart år framover.

Utviklinga i sjukefråveret har vore slik siste åra:

År:	Totalt sjukefråver:	Korttidsfråver:	Langtidsfråver:
2012	9,56 %	2,45 %	7,11 %
2013	12,29 %	2,25 %	10,04 %
2014	9,11 %	2,05 %	7,06 %
2015	6,79 %	1,90 %	4,89 %
2016	7,30 %	2,03 %	5,27 %
2017	5,27 %	1,86 %	3,41 %
2018	5,08 %	2,69 %	2,39 %
2019	7,21 %	2,38 %	4,83 %
2020	4,81 %	2,32 %	2,49 %
2021	11,17 %	1,62 %	9,55 %
2022	11,50 %	2,51 %	8,99 %

Vedlegg 3: KLIMAREKNESKAP 2022

Hushaldning:

Totalt 8256 tonn avfall (inkluderer ikkje 71 tonn på heimekompostering eller 20 tonn innlevert på gjenbrukstorget på miljøstasjonane våre).

25240 innbyggjarar i dei fire kommunane pr. slutten av 4. kvartal 2022 (tal frå SSB).

Tabell: Totalt utslepp og innsparing i SSR 2022.

	Totalt klimautslepp (tonn CO ₂)		Per innbyggjar (kg CO ₂ / innb.)	
	2021	2022	2021	2022
Utslepp frå transport	614	600	25	24
Utslepp frå forbrenning	2287	2838	92	112
CO ₂ -red. frå forbrenning	-1799	-2198	-72	-87
CO ₂ -red. frå gjenvinning	-6796	-5420	-273	-215
Total CO ₂ -reduksjon	-5694	-4180	-229	-166

Utslepp frå transport (sjå tabell) bidreg til eit relativt lite utslepp på totalt 600 tonn CO₂-ekvivalentar.

Det største utsleppet kjem frå forbrenning av avfall (2838 tonn CO₂-ekvivalentar).

Sparing av miljøet kjem ved energi frå energigjenvinning som erstattar alternative energikjelder (2198 CO₂-ekvivalentar) og materialgjenvinning og ombruk som erstattar framstilling av alternative ressursar (5420 CO₂-ekvivalentar).

For utsorterte fraksjonar er gevinsten gjennomsnittleg på 1,228 tonn CO₂ per tonn avfall. For restavfallet og grovavfallet er det eit netto utslepp på 0,190 tonn CO₂ per tonn avfall.

Totalt, inkl. næring:

Totalt 13808 tonn avfall

Tabell: Totalt utslepp og innsparing i SSR 2022. Tala inkluderer både hushaldning og næring.

	Totalt klimautslepp (tonn CO ₂)		Per innbyggjar (kg CO ₂ / innb.)	
	2021	2022	2021	2022
Utslepp frå transport	702	687	28	27
Utslepp frå forbrenning	4211	5081	169	201
CO ₂ -red. frå forbrenning	-3273	-3776	-132	-150
CO ₂ -red. frå gjenvinning	-10589	-10262	-426	-407
Total CO ₂ -reduksjon	-8949	-8270	-360	-329

Utslepp frå transport (sjå tabell) bidreg til eit relativt lite utslepp på totalt 687 tonn CO₂-ekvivalentar.

Det største utsleppet kjem frå forbrenning av avfall (5081 tonn CO₂-ekvivalentar).

Sparing av miljøet kjem ved energi frå energigjenvinning som erstattar alternative energikjelder (3776 CO₂-ekvivalentar) og materialgjenvinning og ombruk som erstattar framstilling av alternative ressursar (10262 CO₂-ekvivalentar).

For utsorterte fraksjonar er gevinsten gjennomsnittleg på 1,373 tonn CO₂ per tonn avfall.

For restavfallet og grovavfallet er det eit netto utslepp på 0,167 tonn CO₂ per tonn avfall.

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Kjartan Leidulf Grimstad

Styremedlem

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Serienummer: UN:NO-9578-5998-4-1423259

IP: 195.1.xxx.xxx

2023-05-11 10:27:15 UTC



Margareth Leinebø

Styremedlem

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Serienummer: 9578-5997-4-1187616

IP: 77.18.xxx.xxx

2023-05-11 11:16:32 UTC



BJARTE UGLUM

Styremedlem

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Serienummer: 9578-5990-4-1669573

IP: 195.181.xxx.xxx

2023-05-12 05:13:29 UTC



Anne Margrethe Holstad

Styremedlem

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Serienummer: 9578-5994-4-2911706

IP: 62.92.xxx.xxx

2023-05-12 07:13:28 UTC



George Harold Fulford

Styreleder

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Serienummer: 9578-5999-4-3955188

IP: 79.161.xxx.xxx

2023-05-15 07:02:33 UTC



Camilla Lovise Storøy

Styremedlem

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Serienummer: 9578-5998-4-1349187

IP: 185.138.xxx.xxx

2023-05-15 07:40:31 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: BXPPG-TSB58-EDHHE-EWWVY-CJ3DP-XH1A5

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>

Melding frå uavhengig revisor

Til generalforsamlinga i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen til Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS.

Årsrekneskapen er samansett av:

- Balanse per 31. desember 2022
- Resultatrekneskap for 2022
- Kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per 31. desember 2022
- Notar til årsrekneskapen, irekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- Oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- Gjev årsrekneskapen eit rettvise bilete av den finansielle stillinga i selskapet per 31. desember 2022 og av resultatata for rekneskapsåret avslutta per denne dato, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale standardane om habilitet), utgjeve av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og vi har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at det gjev eit rettvise bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er òg ansvarleg for slik intern kontroll som den finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til vidare drift og opplyse om forhold av betydning for vidare drift. Føresetnaden om vidare drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen, så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvika.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

For vidare beskriving/omtale av revisor sine oppgåver og plikter visast det til:

<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Andre tilhøve

Budsjettala for 2022 som er presenterte i resultatrekneskapen er ikkje reviderte.

BDO AS

Einar Giljarhus Løkken
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

PENNEO

The signatures in this document are legally binding. The document is signed using Penneo™ secure digital signature. The identity of the signers has been recorded, and are listed below.

"By my signature I confirm all dates and content in this document."

Einar Giljarhus Løkken

Statsautorisert revisor

On behalf of: BDO AS

Serial number: 9578-5999-4-1754739

IP: 188.95.xxx.xxx

2023-05-16 08:46:01 UTC



This document is digitally signed using Penneo.com. The digital signature data within the document is secured and validated by the computed hash value of the original document. The document is locked and timestamped with a certificate from a trusted third party. All cryptographic evidence is embedded within this PDF, for future validation if necessary.

How to verify the originality of this document

This document is protected by an Adobe CDS certificate. When you open the

document in Adobe Reader, you should see, that the document is certified by **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. This guarantees that the contents of the document have not been changed.

You can verify the cryptographic evidence within this document using the Penneo validator, which can be found at **<https://penneo.com/validator>**